
Fra: Anne Hildegunn Færøy
Sendt: mandag 31. oktober 2016 14.15
Til: Grete Algrøy Herøy; Helga Irene Ellingsen; Helge Kvam;
ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no; Kristin Ruud Myking; Leni Dale;
Mette Fauskanger; Oddvin Neset; Olav Mongstad
Emne: Kommunalsjefgruppa helse og omsorg Referat møte 7-2016
Vedlegg: Møte 7-2016, Referat_ Kommunalsjefgruppa, 14.oktober.docx; D46292
Mal for svar paa avviksmelding hentes i Ephorte.pdf

Hei

Vedlagt følger referat frå sist møte i kommunalsjefgruppa – 14.oktober

Ber om snarleg tilbakemelding om noko er feil eller manglar.

Minnar også om nytt skjema for melding av avvik/uønska hending som Samarbeidsutvala i Helse Bergen føretaksområde har vedtatt å ta i bruk frå 1.november.

Skjema skal nyttast ved melding av avvik/uønska hending mellom kommune og sjukehus knytt til tenesteavtale 3-5, somatikk.

Her er link til [Skjema for melding av avvik/uønska hending - nynorsk](#)

Skjema og felles rutinar for handsaming av avvik og uønska hendingar finn du som tidlegare på www.saman.no

Skjemaet kan fyllast ut elektronisk, skrivast ut og det kan lagrast i kommunen sitt system for avvikshandtering. Retningsliner og rutinar for melding og mottak av avvik/uønska hending er ikkje endra.

(Det er ikkje mulig å fylle ut skjema direkte i nettlesar dersom du nyttar Microsoft Edge. Du må enten nytta Internet Explorer eller Chrome, eller du kan laste ned skjema og lagre lokalt før du fyller ut.)

BER OM AT DENNE INFORMASJONEN VERT FORMIDLTA TIL ALLE I KOMMUNEN SOM HAR ANSVAR FOR OPPFØLGING AV TENESTEAVTALANE, og særleg då avtale 3-5, somatikk. (Forvaltning, PLO, fastlege m.v)

Nokre kommunar har etterspurt mal for tilbakemelding på avvik, sendt frå sjukehus til kommune. Legg ved malen som vert nytta i Helse Bergen. Kommunane må sjølv vurdere om dei skal nytta ein liknande mal for tilbakemelding.

Med beste helsing

Anne Hildegunn Færøy

Samhandlingskoordinator

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Tlf. +47 56 37 58 84 | Mobil +47 41 44 12 08



www.nordhordland.net